

# Innhald og faglege vurderingar av ein gjødslingsplan

Marit Henjum Halsnes, NLR Vest SA



Teams 26.11.2020

Bli med og del kunnskapen

# Marit Henjum Halsnes

- Sivilagronom i husdyrernæring og husdyravl, NLH 1988
- Tilsett i 1990
- Kontor: Njøs, Leikanger
- Grovfôr/Jord og plantekultur
- Kommunene i Indre og Midtre Sogn




# Norsk Landbruksrådgiving Vest

- Vestland fylke + kommunar på søndre og ytre Sunnmøre
- Medlemsstyrt - ca 4000 medlemmar
- Årsmøtet er høgste organ med utsendingar frå 11 krinsar
- Omsetnad i 2019, om lag 29,6 mill., av dette 19,6 % tilskot over jordbruksavtalen



# Organisasjonskart NLR Vest SA



## NLR Vest

- Uavhengig rådgjeving
  - Høgt kvalifiserte rådgjevarar
  - Tett på landbruket
- 
- Ca 35 tilsette (mange deltidsstillingar)
  - kompetanse på alle fagområde
  - 10 kontor: Lofthus, Rosendal, Kokstad, Øystese, Voss, Hellevik i Fjaler, Leikanger, Sandane, Ørsta og Ålesund (+ nokre heimekontor)



# Gjødslingsplan - hovedregel i NLR Vest

- Plan kvart 4. år
- Jordprøver kvart 4. eller kvart 8. år
- Bruk av Skifteplan
- I hovudsak berre til medlemmar



# Planlegging

- Alt areal skal med, alle gnr/bnr
- Skiftenummer og namn, kva drift; beite, tal slåttar/gjødslingar
- Ulike veksttabellar, mange ulike val av vekst
- Overføre nye jordanalysar til rett skifte
- Mengde husdyrgjødsel



# Framgangsmåte

- Fordele husdyrgjødsel
- Supplere med billegast mogleg mineralgjødning inntil total mengde nitrogen som skal brukast.
  - OPTI-NS 27-0-0-4 er mykje brukt
- Alltid nok (meir enn nok) fosfor (P)
- Så få gjødselslag som mogleg
- Viktig med god dialog med bonden!

# Skifteplan:

**Gjødslingsplan 2020** Utskriftsdato: 29.01.2020 Side: 1

Navn:  Telefon:  Brukernr:  Kommune:   
 Adresse:  Mobil:  Gårdsnr:   
 E-post:  Bruksnr:

Planlegger: Norsk Landbruksrådgiving Vest SA v/Halsnes Marit Henjum  
 Telefon: 415 11 774 Mobil: +47 415 11 774 E-post: marit.henjum@nlr.no

**Bjørk** 432,1 daa

<b>1</b>	<b>Ola stykkje gml</b>	<b>Eng, 2gj./2sl.</b>	<b>42.6 daa</b>
Vår	Gylle	4 tonn/daa	170,4 tonn
Vår	OPTI-NS™ 27-0-0 (4S)	45 kg/daa	1,9 tonn
Vår	Agri dol, bulk	300 kg/daa	12,8 tonn
etter 1. slått	Gylle	3 tonn/daa	127,8 tonn
etter 1. slått	OPTI-NS™ 27-0-0 (4S)	30 kg/daa	1,3 tonn
Notater: pH på 5,7. Kan kalkast.			
<b>1</b>	<b>Ola stykkje nytt</b>	<b>Gjenlegg uten dekkv./1gj./1sl.</b>	<b>6.5 daa</b>
Vår	Gylle	6 tonn/daa	39,0 tonn
Vår	OPTI-NS™ 27-0-0 (4S)	21 kg/daa	136 kg
Vår	Agri dol, bulk	800 kg/daa	5,2 tonn
Notater: Svært låg pH på 5,2. Bør kalkast.			
<b>2</b>	<b>Vollane</b>	<b>Eng, 2gj./2sl.</b>	<b>48.1 daa</b>
Vår	Gylle	4 tonn/daa	192,4 tonn
Vår	OPTI-NS™ 27-0-0 (4S)	45 kg/daa	2,2 tonn
etter 1. slått	Gylle	3 tonn/daa	144,3 tonn
etter 1. slått	OPTI-NS™ 27-0-0 (4S)	30 kg/daa	1,4 tonn
Notater: Fin pH på 6,2.			

- Skifta er kobla til kartet, vekst har fargekode



# Husdyrgjødsla er «problemet»...

## Usikre faktorar:

- Total mengde?
- Vassinnblanding?
  - Kan lage «så mykje møk ein vil» ved vassinnblanding
- Kor mykje blir brukt pr. dekar?
- Verknadsgrad i høve til vêret og innhaldet?
  - Husdyrgjødsla er avgjerande i samband med val av mineralgjødsel! Spesielt kalium.

# Næringsinnhold i og verknadsgrad av husdyrgjødsel

	N	Tørr stoff %	(Målt TS %)	Total N (kg/tonn)		Amm.-N (kg/tonn)		Fosfor (kg/tonn)		Kalium (kg/tonn)	
				Mid-del	Varia-sjon	Mid-del	Varia-sjon	Mid-del	Varia-sjon	Mid-del	Varia-sjon
Mjølke	122	6,0	6,2	3,1	(2,3-4,0)	1,8	(1,0-2,5)	0,48	(0,4-0,6)	3,4	(2,0-4,8)
Ungdyr	4	6,0	5,3	3,4	(2,3-4,4)	2,3	(1,4-3,1)	0,51	(0,4-0,6)	4,1	(1,8-6,4)
Ammeku, blaut	14	6,0	7,7	2,6	(2,0-3,3)	1,6	(0,9-2,2)	0,45	(0,3-0,6)	3,3	(2,2-4,5)

Ø = ca. 3 (kg N/ pr. tonn)

Ø = ca. 3,5 (kg K/ pr. tonn)

→ Verknadsgrad av blautgjødning/ gylle er 1,0 – 1,3 kg N per tonn

# Planlagde husdyrgjødslinger i Skifteplan

Lager	Gjødselmengde		Til-ført	Vann	Strø	Sum tonn/ GDE	Dyreslag	Mengde eller Telledato		Dyre-tall	Mnd. inne	
	Fjor-rest	Årets prod.						Solgt	31.07			31.12
Gylle	1108			802		1910	Storfe, >12 mnd. bla	19	19	19	9	
	68					68	Storfe, 0-12 mnd. bl	44	44	44	9	
	Næring: %Ts=3,6 TotN=2,0 NH4-N=1,1 P=0,3 K=1,8							Storfe, mjølkeku, bl	47	47	47	9
<b>Sum</b>	<b>1 910 tonn / 68 GDE</b>											

Totalfordeling	Høst i fjor tonn	Vår tonn	Sommer/høst tonn	Sum tonn
Gylle		1 154	676	1 830
<b>Sum</b>		1 154	676	1 830

Skiftefordeling		Ant. daa	Tidspkt.	Lager	tonn/ daa	Ant. tonn	Tot-N/ Totalt daa
1	Ola stykkje gml	42,6	1.Gjødsling	Gylle	4	170,4	
			2.Gjødsling	Gylle	3	127,8	298 13,7
1	Ola stykkje nytt	6,5	1.Gjødsling	Gylle	6	39	39 11,7
2	Vollane	48,1	1.Gjødsling	Gylle	4	192,4	
			2.Gjødsling	Gylle	3	144,3	337 13,7
3	Beitestykkje	59,5	1.Gjødsling	Gylle	4	238	
			2.Gjødsling	Gylle	3	178,5	417 13,7
4	Stubbehagen	25,6	1.Gjødsling	Gylle	6	153,6	154 11,7
5	Storøyane gml	51,2	1.Gjødsling	Gylle	4	204,8	
			2.Gjødsling	Gylle	3	153,6	358 13,7
5	Storøyane nytt	10,0	1.Gjødsling	Gylle	6	60	60 11,7
6	Holmestad	24,1	1.Gjødsling	Gylle	4	96,4	
			2.Gjødsling	Gylle	3	72,3	169 13,7
<b>Sum</b>							<b>1 831</b>

# Følgebrev

- Bonden må gjere notatar og endre årstal på planen for kvart år
- Faglege kommentarar
  - Generelt om gjødsel
  - Generelt om kalking

## Gjødslingsplan

År: 2020    År: \_\_\_\_\_    År: \_\_\_\_\_    År: \_\_\_\_\_

Planen gjeld for 2020, og er altså ein eittårig gjødslingsplan. Om fire år, eller når dei siste jordprøvene dine er 8 år gamle, vil NLR Vest ta kontakt for å utarbeide ny plan. Ynskjer du ny plan før dette (eller du ikkje er medlem), må du sjølv kontakte rådgjevar. Dersom du utifrå vurdering av avling, gjødsling og jordprøver finn grunnlag for mindre justeringar, kan du sjølv oppdatere planen i åra mellom. Før på rett årstal på ledig plass ovanfor frå 2021 og evt. seinare. Finn ein stad du kan føre på endringane, eller skriv på "utifrå vurderingar er det ikkje behov for endring".

### Spesielt for din plan:

Planen er mykje lik tidlegare plan, men har retta opp i nokre areal og fått med beiteareal. Har og auka opp og fordelt meir gylle på areala.

Nokre areal er sure med låg pH og bør kalkast.

Sjå også kommentarane under skifta i gjødslingsplanen!

Dei nyaste jordprøvene dine er frå 2019 og nye jordprøvar må takast seinast haust 2027.

### Generelt om gjødslingsplan

Gjødslingsplanen er utarbeidd på bakgrunn av jordprøver som ikkje er eldre enn 8 år, men inneheld også ofte endå eldre jordanalyser. NLR Vest vil i hovudsak lage ny gjødslingsplan for medlemene kvart 4. år, då anten med nye prøver eller med 4 år gamle prøver. Kvar medlem kan sjølv velje om han/ho vil ta nye jordprøver kvart 4. eller kvart 8. år. Det er alltid bonden som er ansvarleg for å ha gyldig gjødslingsplan til ei kvar tid.

Dersom det skjer vesentlege endringar, skal planen reviderast. Slike endringar kan vere ny leigejord, bortfall av areal, ny produksjon eller endringar i gjødselsortimentet m.m. NLR må få melding dersom vi skal revidere planen utanom dei faste tidspunkta.

Gjødslingsplanen er ei gjødslingstilråding, og det er sjølv sagt fullt lovleg å bruke andre gjødselslag og andre mengder enn det som står i planen, så lenge dette er tilpassa behovet.

Alt areal du søker produksjonstillegg for, skal vere med i planen. Dersom du haustar areal du ikkje søker produksjonstillegg for, så skal dette normalt ikkje vere med i din gjødslingsplan. Areal i planen er i samsvar med det som går fram av nettsidene: <https://gardskart.nibio.no/>

Skiftekart må følgje gjødslingsplanen. Vi brukar både nummer og namn på skifta, slik at det skal vere greitt å lese planen utan å sjå på kartet. Gjødslingsplanen skal oppbevarast og vere tilgjengeleg ved offentleg kontroll og KSL-revisjon.



# Rapportar i Skifteplan

- Gjødslingsplan
- Jordanalyse
- Husdyrgjødsel
- Innkjøpsliste
- Lommerapport
- Kart





Takk for meg!